

ARKOCONSULT AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

---

Dato	18.01.2022
Vår referanse	2021/88346-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Liz Eva Tøllefsen
E-post	Liz.Eva.Tollefsen@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til varsel om oppstart av detaljplan for Solbakken - Alver kommune

Vi viser til brev datert 15.12.2021 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Solbakken. Planen skal opne for etablering av ein einebustad eller tomannsbustad og etablere ein ny, felles leikeplass. Føremålet er delvis i strid med kommunedelplan Lindås der området er sett av til bustad- og LNFR-føremål. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

#### Planfagleg

Vi viser til fråsegn til Statsforvaltar av 15.12.2021, og stør deira vurdering knytt til flytting av leikeområde og omdisponering av LNF-formål.

#### Areal og transport, samt samferdsel

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkome langs fylkesveg. Vi har og ansvar for at areal- og transportpolitiske føringar blir tatt høgde for i planlegginga, og at vegstrukturen vert utforma i samsvar med vegnormalkrava.

Omsyna er mellom anna forankra i regional areal og transportplan for Bergensområdet, og i rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest.

### Generelle vegfaglege krav til planarbeidet

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule, butikk m.m.)
- Byggegrensar til riksveg/fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Tiltaket sine konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og vegnormalar
- Trafikkanalyse som visar venta trafikkmengd i området

### Kulturminne og kulturmiljø

Vestland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø bør gjerast på tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at kulturminneverdiar vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Delar av planområdet er vist som omsyn kulturmiljø og kulturminner (H570), i kommuneplanen sin arealdel er følgjande føresegn knytt til omsynssoona under § 4.2.4, a):

#### Den Trondhjemske postvei

Heile det historiske vegnettet Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen

Den Trondhjemske postvei vart vedteken ved kgl. res i 1785 og utbygd i åra etter dette. Veggen vart den første hovudvegen mellom Bergen og Trondheim. Heile vegen var nærmare 70 mil, der 15 av disse var fjordkryssingar. Gjennom Lindås vart vegen lagt frå Isdalstø i sør til Nese, der vidare ferdsel var med båt til Trælavikja. Herifrå gjekk vegen til Lindås og vidare til Fonnebost. Store delar av traseen, som vart valt som postveg, vart lagt over allereie eksisterande ferdselsvegar. Somme med stor tidsdjupne. I tilknytning til vegfar frå før-reformatorisk tid ligg det ofte automatisk freda kulturminne, noko som også gjeld traseen gjennom Seim. Nær vegfarete ligg førhistoriske busetnadsspor, graver og gravhaugar, samt mellomalderkyrkjestaden på Seim.

I saker som gjeld postvegen er vår praksis at nye tiltak bør etablerast utanfor omsynssoona, spesielt gjeld dette der den opprinnelege postvegen er intakt.

#### **Varsel om arkeologisk registrering**

Vi har i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne i sjølve planområdet. Området har likevel potensial for funn av denne typen kulturminne.

Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det er gjeve løyve til det, jf. lov om kulturminne §§ 4 og 3.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på [nettsidene våre](#)

#### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på barn og unges interesser, trafikktryggleik og kulturminne. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
SUD – Plan, klima og folkehelse

**Liz Eva Tøllefsen**  
seniorrådgjevar  
SUD - Plan, klima og folkehelse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Sigrun Wølstad, seksjon for kulturarv

Berit Vik, seksjon for kulturarv

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4